



Kystpilegrimsseglass med Sunnivaskrinet



Å leggja ut på ei pilegrimsreise over tid, borte frå kvardagen, innbyr til refleksjon og høve til å tenkja over store spørsmål:

Kven er eg? Kva vil eg? Kor går eg?

Ei pilegrimsreise er både ei ytre og ei indre reise. Den ytre reisa går frå ein stad til ein annan, den indre reisa opnar for tid og rom til stille, og nye tankar om deg sjølv som person og di rolle i dette livet.

Me som står bak Sunnivasegласen – 850 år etter at levningane til Sta Sunniva vart frakta frå Selja til Bergen – ber deg bruka innsida av dette brevet til å uttrykkja dine tankar om val du kan gjera, venene dine kan gjera, bygda kan gjera, kommunen, fylket, staten og me alle kan gjera for å sikra at me har ei verd der me tek vare på skaparverket i tråd med FN sine bærekraftsmål.

Brevet legg du i skrinet, som vert frakta til Bergen og gitt i jubileumsgåve til Bergen, som i år fyller 950 år.

Sta Sunniva - *patrona bergensium* – verja åt bergensarane og *patrona noruegie* – Noregs verje, er også vernar for sjøfarande. Me kjenner oss trygge.

Sjølv den lengste reisa byrjar med eitt steg.



Statue: Arne Mæland. Sunniva-ikon: Per Bækken. Grafikk: Øyvind Lothe.



Kystpilegrimsseglass med Sunnivaskrinet



www.sunnivaseglas.no

